

Retningslinjer for tilskot til taubanedrift, o.a. i 2022 – Hustadvika kommune

Fastsett med vising til *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Driftsformer som ordninga omfattar:

- Taubane-/slepebane og T-vinsjdrift
- Manuell felling til hogstmaskin i bratt terreng for å minske behovet for graving i hogstfelt.
- Drift med lang driftsveglengde der det ikkje er økonomisk grunnlag for å byggje skogsbilveg. (krav om godkjenning av skogbrukssjef)
- Drift av glissen skog på høg bonitet. Krev skifte til treslag som utnytter produksjonsevna. (Krav om godkjenning av skogbrukssjef)

Vilkår:

- Taubanedrift skal berre prioriterast der gravdrift eller t-vinsj ikkje kan gjennomførast.
- Virket skal verre registrert i virkesdatabasen
- Kommunen skal førhandsgodkjenne alle taubane-/slepebanedrifter og T-vinsjdrifter. (minstealder på ulike bonitetar for taubanetilskot i botn av dette dokumentet)
- Vedtak om driftstilskot skal innehalde naudsynte vurderingar i høve til naturmanfaldlova, jf. Eigen rettleiar fra landbruksdirektoratet som kom i 2015.
- All skogsdrift skal gjennomførast i tråd med Forskrift om berekraftig skogbruk. Vilkår om forynging ved løyving av tilskot.
- Det skal ikkje gis tilskot der areal skal omdisponerast.
- Tilskot til lang køyring skal vurderast opp mot grunnlaget for framtidig vegbygging og skal ikkje gis der vegbygging er lønsamt.

Søknad, handsaming og utbetaling:

- Søknad på skjema SLF-916 skal nyttast
- Prioriteringsfrist for taubanetilskot er 1. juni. Fortløpande behandling etter frist.
- Kommunen løyver, vurderer støttenivå og anviser utbetaling.
- Minste beløp for utbetaling er kr. 2000.
- Ved avslutta drift kan 85% av omsøkte beløp utbetalast med bakgrunn i produksjonsfil frå hogstmaskin. Utskrift av prd.fil leggst ved søknaden.

Tilskotssatsar:

- Taubanedrift furu og lauv: 200 kr/m³
- Taubanedrift gran: 150 kr/m³, maks 10000 kr/daa.
- T-vinsjedrift: Inntil 50 kr/m³.
- Manuell felling til hogstmaskin i bratt terreng. 60% tilskot for dokumentert kostnad. Inntil 450 kr/time.
- Driftslengde over 1,3 km: 20 kr/m³, over 2 km: 40 kr/m³.

- Drift av glissen skog (< 10 m³/daa) på bonitet (14 og høgare): 70 kr/m³ furu
- Ved treslagsskifte, med forhandsgodkjenning av kommunen , inntil 100kr/m³ for hogst av lauv.

Maks to av tilskotsordningane kan kombinerast.

Det vert ikkje løyvd tilskot til taubanedrift der bestandsalder er lågare enn:

Bonitet	Lågste alder
G 23	60
G20	65
G17	70
G14	75

Alderskrav kan fråvikast av helsemessige eller andre årsaker, ved ei vurdering og godkjenning fra skogbrukssjef.